

**Fra:** Folkevalde (folkevalde@hfk.no)

**Sendt:** 04.12.2018 08:24:48

**Til:** Silje Lyngstad

**Kopi:**

**Emne:** VS: Interpellasjon til fylkestinget i desember.

**Vedlegg:**

---

**Fra:** aud karin oen <audkarino@hotmail.com>

**Sendt:** mandag 3. desember 2018 16:21

**Til:** Folkevalde <folkevalde@hfk.no>

**Emne:** Interpellasjon til fylkestinget i desember.

## **U-864 – Er alle steinar snudd?**

I 2003 vart vraket av U-864 funne vest for Fedje. Ein reknar med at den var lasta med omlag 67 tonn metallisk kvikksølv.

Mykje utgreiing er gjort, men ikkje noko kvikksølv har kome opp frå havbotn. Derimot lek det omlag 4 kg kvikksølv årleg ut i havet.

Det er forståeleg at ei heving av kvikksølvet må gjerast på ein sikker og trygg måte, og at ein må ta omsyn til faglege råd. Det er på den andre sida gjort store framsteg innan subsea teknologi dei siste åra og alle steinar må vera snudd før ein konkluderer med at fjerning av kvikksølvet ikkje er mogleg.

I Bergens Tidende 14. oktober presenterast to nye mogleheter for heving av ubåten med store mengder kvikksølv utanfor Fedje. Ubåten er ein stor forureiningsfare og ein bør undersøke dei mogleheter ein har til å få fjerna kvikksølvet i ubåten.

Spørsmål til fylkesordføraren: Vil fylkesordføraren ta kontakt med regjeringa/statsråden for å leggja trykk på saka?

Forslag til vedtak:

Fylkestinget i Hordaland ber om at statsråden/ regjeringa vurderer på ny moglegheit for å fjerne mest muleg av kvikksølvlasta før tildekking av området.

Fylkestinget meiner og at dei nye hevemetodane må vurderast.

Aud Karin Oen

SV

Beste helsing  
Aud Karin Oen  
Tlf 922251195